

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Toknudal

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Ola E. Stensås,

Gard:

(adresse): Toknedal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Orða eng og utslætter er nok kjendt her og, men tydinga kan delvis ha vore noko onnorsleis. Eng innafor bögarðen som var oppdyrka, varf ikke kalla berre eng, men græning. Den enga som ikke var dyrka innafor bögarðen varf kalla smaeng. Ellis hadde dei innhegna smaeng ûte i marka og, ja, heilt innmed fjellet som dei kalla „markaslott“ (slatt). Ellis brukte dei å slå i almenn beitemark.

Ordet ekre er kjent her og. Det var så lala om njekre og gamlekre, etter som dei var myrsnda jord, eller om det var lenge sidan det hadde vore open åker der. Til å skilja grov og finare eng fra einannan brukte ein orða græning og smaegræning. Lei same orða gjalt når ein skulle skilja grovt og finare høy fra einannan.

Dersom det var jamnt og rent og slå, brukte dei å slå i beine skarar.

2.

"høggskårar". Men var det skinnt og vondt og slå, var slætten kalla "hakk-sløtt". Ellis hadde sei namn på ymse slætteleigar. Dei kunne fortelja om kortsels set var å slå, og om kor lang tid dei drog til arbeidet. Døme: "bredskårgangen", "kvellos-ikhaa" o. l.

### 2. Rydjing

Om våren, etter at snöen hadde fint vekk og før graset vokser opp, skulle kvisten rydjast <sup>bot</sup>. Det var mest nautsamt i småenga, der det vaks skog. Kvinnfolka skulle gjera dette. Dei tok med seg kvar si rive og raka kvisten vekk. Skog vart ikkje rudd vekk på onnor måte enn at karane passa på å slo feinungen. Kvistdungane vart kalla "ravvöl" og dei låg til dei rotna. Arbeidet vart kalla "engryjing".

Steinrydjing var det mindre av, men dei velte vekk kupulsteinar fra grauenga når dei ikkje var større enn dei fekk dei opp når dei brukta staur.

### 3. Moseraksen eng.

Ein hadde ikkje på nokor sers ráð med å få bort mosen i enga; dei breiðe "møkk" ulover for å fremja grasvoksteren. Dette og berre på syrka jord. Grasfrø brukta dei aldri, korkje i tynn eng eller ved atlegg av åkrar. Men det hende at dei skroddet ut på åkeren oppsop fra laven, mens det kunne jamst vera meir ugrasfrø enn engfrø".

#### 4. Mye og vassjuk eng. Vatning.

Med å leida bort vatn frå vassjuk eng bygde dei seg like om. Þá dei verste høve kunne dei grave nokre små veier.

I vatna enga brukte dei aldri, så det skjeldan trengst her.

#### Gjödsling

5. Þer var det berre enga som vart gjödsla med vintergjödsling, og det har vore brukte i lengre tid. Det er ikkje så godt å sei noko vist om kor stor del av vintergjödsla som vart mytta på enga, for det kunne skifte fra år til år, alt etter kor mykje åker dei hadde, men det var vanleg å dela gjödsla mellom åker og eng. Dei var ikkje noko nøyne om kva gjödselslag dei brukte til enga, og dei hadde heller ikkje noko mål på kor sterkt dei skulle gjödsla. Men dei gjödsla sterkt. Ein kunne finna ekre der ein mest ikkje såg bar mark straks etter spreidninga.

6. Dei hadde ikkje noko særskilt navn på den enga dei gjödsla, men dei kalla hojet frå desse ekrene for "møkkhøy"

7. Det har vore vanleg å setja husa opp på ein haug eller bakke, men det har helst vore med tanke på å få vatnet til å renna frå husa. Nokon tanke på å mytta gräset til gjödsling, kan eg ikkje skjona dei har trast, i alle fall ikkje alle.

Dette funnsiget, og då serleg frå

4.

úthúsa kallast her: „lannstekk" (ein).

Når det gjalt åkraue, brukta dei å leggja dei i bakkar og på haugar, og det gjorde dei godt dei var tryggare for frost enn andre stader. Dei fantek minore på å gjødsle andre styrkkjer med siget fra åkraue.

8. For det meste vart enga gjøsla om våren, og då dei hadde lite om reidskap var det stort sett dei same reidskapa som vart mytta både til enggjøsling og åkergjøsling. Møkka høyrdet dei ut på vinterføret, og la ho saman i haugar på 3-4 lass. Til å smuldra møkka brukta dei „ei krafse" (ei rive med jarnpiggar).

Før den lyrske tida etter at krafsa var leke i bruk, og før greipa kom i bruk, mytta dei krafse til å spreida møkka med og. Dei drog møkka utover med krafsetindane. Dette arbeidet kravde lang tid når det var store dungar dei skulle spreida. Elles hadde dei fregreiper sime stader. Dei var på skap som ei vanleg griip med 4 tindar, Det var sett et frestykke tvers over tindane på miøten for å skytka dei. Sime av dei var beslått med jarn på piggane. Fregreipa var frølig brukt til opp i 1850-60 åra. Derefter kom store jarngreiper med 4 firkanta tindar og frestkraft i bruk. Desse vart brukta til i slutten av 1800 åra så dei meir moderne stålgreiper vart leke i bruk.

9. Det har vore bruka og beita innhegna markaslöft" både vår og haust, men frøley ikkje med tanka på gjødsling av enga. Det var mest av den grunn at det om våren vart lidlegare beite til dyra der enn i ütmarka, (sambetemark), og om hausten vara beita lenger der. Det var og innhegna markaslætter som alri var bruka til beite, fordi dei låg for langt frå garden. Nokre engstykjer vart beita berre om hausten for ikkje å skada voksteren frå lidleg slått.

10. Forleg i den siste mannsalder er en masse av de innhegnede "markaslætter" utsloppet og komne under føt saman med sambetemarka.

11. Ein har ikkje høyrt noko om at gjødsla i "markaslöftene" vart jamma utover, men på graienga vart ho jamma utover, og då med ei såkalla "kratse".

12. På dei fleste gardane hadde dei kroksa i sumarfjös, bortsett frå den lida kroksa var på sahra. Kvar gard hadde berre eit sumarfjös. Gjødsla koyrde dei fram og bruka ho på dyrkjajorda. Gjødsla frå sumarfjösa vart jammast spreidd om våren, og på saekrane meir om hausten.

13. Til storfelet vart det ikkje bruka anna enn fjös, så langt ein veit om. Til sauene var bruka grinder, der dei vart jaga inn for matta. Slike var

6

kalla „saugrinder”, og dei vart flytt  
først eller annakvar dag etter som det  
vart meir eller mindre ureint i bingen.

14. Desse grindane vart oppsett i ein  
firkantig bingje av fire store grinoer, og  
dei vart helst oppsett i nærliken av sater-  
husa, på innhegna mark, (satervollen).

Møkka verka som god gjødsling, og den  
frong ikke spreidning. No finns ikkje  
meir slike grindganger så sauerne beiter  
fritt heile sumaren.

På mange setrar var det bygd  
sauehus i samband med fjøset, der dei  
jaga sauerne inn når det var surt og  
kalt ver. Alt dette kom ut av bruk  
i 1890åra.

15. Ein har ikke høyrt at det vart gjort  
noko særleg for å halda indra borte frå  
grindene, men grindene var ikke lengre  
frå seterbua, der setertasua og gjeta-  
guten låg, enn at dei godt kunne høyrta  
bråket om noko stod på. Det hende  
jamt at dei lait opp om natta  
og jaga indra vekk, og dei brukta då  
å sta på ein bukkel eller liknande så  
det vart stor skrammel

16. Ein kjenner ikke til at sauvine  
grindhus har vore brukt her.

17. Gjætargüen fekk nok både god og nok mat når han kom heim om kveldane.

18. Ein har ikkje høyrt noko til at sauehus på hjul har vore brukt her i bygda.

19. „Gaufrøa“ er nok et kjent namn, og det går att i namn på engstykkejer som: „røa“.

20. På sahra var det innhegna eit stykke som vart kalla „sætervollen“, og han vart gjøsla. På mange saharar var det og innhegna ei englytekje, som var kalla „sæterløkka“. Ho vart aldri gjøsla.

21. Enga var aldri gjøsla med anna en huisdyrgjøsel.

3743

